

VALLE KOMMUNE
Postboks 4
4747 VALLE

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 06/04993-64	19.04.2021
	Ark.: 326.10	

Vedtak i namnesak 2020/446 – Langfit og namneleddet fit i Valle kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fylgjande stadnamn i Valle kommune:

- **Langfit** (slette)

Det går samstundes fram av den vedlagde lista kva for nokre andre namn som er vedteke med namneleddet *fit*.

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

Namnesaka vart teken opp av Språkrådet i samband med adresseringa i Valle kommune, jf. brev datert 25.09.2020. Språkrådet ynskja samstundes å reisa samlasak på namneleddet *fet/fit* i kommunen, sidan begge skrivemåtane er nytta i Sentralt stadnamnregister (SSR). Namnesaka vart reist for å fastsetja rett skrivemåte for offentleg bruk.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd.

I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn.

Uttale og skrifttradisjon

I økonomisk kartverk er fylgjande namn registrert med skrivemåtane *Langfet* (1964), *Dyresfitjane* (1975), *Feta* (1964), *Fetestøyl* (1975), *Fitjebekken*, *Feti* (1975), *Fiti* (1964), *Fitjefjødde* (1964), *Fitjekulten*, *Fitjekvæven* (1964), *Fitjereet* (1964), *Fitjeristi* (1975), *Fitjeskaret* (1964), *Fitjetjørni* (1964), *Haugefet* (1975), *Haugefetlia* (1975), *Krullefeta* (1964),

■ www.kartverket.no

Krøysstøylfeta (1964), *Kvosåkfeta* (1964), *Kyrkjefet* (1964), *Likkefit* (1975), *Lislefet* (1964), *Ljomsfitjan* (1975), *Længfetbrot* (1964) *Smilefitdalen* (1975), *Stakkefet* (1964), *Stakkfetheii* (1964), *Storefit* (1964) og *Stusfet* (1975).

I kartserien Norge 1:50 000 er namna *Dyresfitjan*, *Fitestøl*, *Fitbekk*, *Fitbekkvatnet*, *Fitebekken*, *Fiti*, *Haugefet*, *Ljomsfitjan*, *Fitebekken*, *Fitjetjørn*, *Krullefiti*, *Kvassåkfiti* og *Stakkfitheii* registrert i perioden 1970–2006.

Høyringsvar og tilråding

Kartverket sendte saka til høyring og kunngjering i Valle kommune i brev datert 27.10.2020, i tråd med § 8 i lova. I brev datert 26.02.2021 har kommunen sendt dei lokale høyringssvara til Språkrådet. Det kjem samstundes fram at saka har vore kunngjort i lokalavisa *Setesdølen*, på heimesida og Facebook utan at det har kome nokre innspel i saka. Språkrådet har gjeve si tilråding i brev datert 16.03.2021.

Kommunen skriv i sitt brev at «Lokalt vert det sagt *Landfit*, og ein meiner at det er feil at dette vert endra til *Langfet*.»

Språkrådet skriv i si tilråding at «Grunnordet *fit* har i gammalnorsk kort vokal, og i tradisjonelt setesdalsmål står denne vokalismen ved lag, når ikkje den etterfølgjande konsonanten er nasal [...]. Den normerte skrivemåten i nynorsk er i dag berre *fet*, medan forma *fit* var gjeldande tidlegare (m.a. så seint som i 2006). [...] Same grunnordet har vi i namnet *Fidje* og som forledd i til dømes *Fidjestøl* og *Fidjeland*, som det finst mange døme på andre stader på Agder, då med den leniserte konsonanten [d], og nesten utan unntak med vokalen <i>. Namnet *Fed* i Sirdal er eit unntak, truleg også *Feda* i Kvinesdal.» Vidare skriv Språkrådet at «Når det gjeld forleddet i namnet *Landfit/Langfet*, er det grunn til å tru at dette opphavleg har vore *Lang-*, fordi det er det som er registrert, og fordi det framstår som meir typisk beskrivande. Samstundes ville ein vente bindevokal mellom namneledda, men det gjeld begge dei aktuelle variantane. Namnet *Langefit* er til dømes registrert i Åseral. Kommunen opplyser sjølv at den lokale uttalen er "Landfit", men skriv ikkje noko om kva denne opplysninga byggjer på. Det er ikkje umogleg at dette er korrekt, og at *Land-* er det opphavlege, men det kan like gjerne skuldast at grunnlaget er for svakt. Når den etablerte skrivemåten har vore *Lang-*, og når dette er eit meir typisk føreledd til *fit*, er det diskutabelt å velje forma *Landfit*, når ikkje det ligg føre fleire opplysningar.» Dei tilrår skrivemåten *Langfit* for naturnamnet, og *fit* for namneleddet i dei andre namna i saka.

Med bakgrunn i fråsegn om ynskt skrivemåte av *Land-* i førelekken av namnet, har Kartverket har vore i kontakt med Valle kommune ved Gudrun Sagneskar pr. telefon 19.03.2021. Der har me fått oppgjeve at kommunen har vore i kontakt med lokalkjende i samband med saka. Valle kommune skriv i eit tilleggsbrev datert 19.03.2021 at dei har vore i telefonkontakt med fleire av den eldre generasjonen for å få oppgjeve kva dei seier er rett skrivemåte på området. Kommunen opplyser samstundes at dei ikkje har noko dokumentasjon på skrivemåten med *Land-* i førelekken, men viser til og har lagt ved ein eldre disposisjonsplan (2004) som heter *Landfit*. Vidare står det at «Eg har tala med leiar for Setesdalsmuseet/konservator Leonhard Jansen. Han var helt sikker på at det var *Landfit* som har rett skrivemåte. Han seier at *Fit* er ei grasslette med vatn og at «land» det her er tale om, er land rundt grassletta med vatn. Tala med andre som seier det same. Dei er vakse opp med *Landfit*. Den nyare generasjonen har dei observert at har byrja seie *Langfit*.» Avslutningsvis skriv kommunen at «Dei eg har tala med seier at det burde vege tyngst det forfedrene har lært den eldre generasjonen i dag.»

I samband med dei nye tilleggsopplysingane frå kommunen har Kartverket bede Språkrådet gi ein ny vurdering av førelekken *Land-/Lang-* i namnet. I brev frå Språkrådet datert 29.03.2021 kjem det fram at skrivemåten *Langfet* er nytta i økonomisk kartverk og at «[...]sjølv om namn kan vere feilskrivne, må denne oppføringa vere eit viktig utgangspunkt for vurderinga, noko

som inneber at ein bør ha solid og overtydande dokumentasjon for å påstå at den opphavlege oppføringa er feil. Det høyrer her også med at *Lang-* er eit meir 'naturleg' og forventa føreledd til *fit*, sidan det på klar måte beskriv dette etterleddet. På kva måte *Land-* beskriv *fit*, er meir uklart, sjølv om den moglegheita også kan tenkjast.» Språkrådet hel difor fast vel tilrådinga av skrivemåten *Langfit*.

Kartverket si vurdering

Når det gjeld naturnamnet må det fyrst vurderast om førelekken i namnet skal skrivast *Land-* eller *Lang-*. Som nemnd ovanfor har skrivemåten med førelekken *Lang-* vore nytta i økonomisk kartverk tidlegare. Det er og registrert eit namn *Længfetbrot* i området. Kommunen nyttar sjølv skrivemåten *Langfitbrot* i ei kunngjering i avisa Fædrelandsvennen 06.01.1983. Kartverket finn på dette grunnlaget at det er lite tilrådeleg å fastsetje namnet med førelekken *Land-* på bakgrunn av ovannemnde, og at det ikkje fins andre kjende namn i nærleiken som har førelekken *Land-* som namnet kan setjast i samanheng med, og at *Lang-* er ein meir naturleg førelekk til *fit*.

Namneleddet *fet/fit*

Skrivemåten *fet* er nytta i halvparten av naturnamna med denne namnelekken i økonomisk kartverk. Det er også denne skrivemåten som er i samsvar med den normerte forma i nynorsk. I høyringsrunden har det ikkje kome ynskjer om denne skrivemåte, og Kartverket vurderer difor at denne forma er mindre tilrådeleg.

I Norge 1:50 000 er skrivemåten *fit* brukt gjennomgåande for dette namneleddet i alle utgåver. I tilrådinga frå Språkrådet kjem det fram at de tidlegare reglane i stadnamnlova «opnar for å bruke dialektformer som har nær samanheng med norrøne formar.» *Fit* kjem av norrønt *fit* med kort vokal og i det tradisjonelle setesdalsmålet står denne framleis ved lag. Ein skrivemåte av namneleddet som *fit* har soleis heimel i punkt 3.8 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn som opnar for at gamalnorske trekk i uttalen som elles har felle bort i norsk, kan vises i skrivemåten.

På dette grunnlag fastsett Kartverket skrivemåten *Langfit* for naturnamnet og namneleddet *fit* i samsvar med lokalt ynskje og Språkrådet si tilråding.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressedilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR verta oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Klage

Vedtak om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjord.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Med venleg helsing

Lars Fredrik Gyland
fylkeskartsjef

Linn Winnæss-Karlsen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Vedlegg: 1. Namneliste – Valle kommune
2. Tilråding frå Språkrådet
3. Tilleggsinformasjon frå kommunen
4. Kartverket ber om ny vurdering – svar frå Språkrådet

Kopi Lars Fredrik Gyland, LD - FKK Kristiansand (LK2KRI)
Maria Ellingsen, LD - FKK Kristiansand (LK2KRI)
SPRÅKRÅDET